



# **KVALITETSPLAN FOR SEIM SKULE**

## **2019 - 2022**

**NYTT BILETE**

**SEIM SKULE – EIN SKULE FOR FRAMTIDA**  
**LEIK – LÆRING – MEISTRING**

## KVALITETSPLANEN

Kvalitetsplanen er eit overordna styringsdokument for Seim skule. Den skal definere vår visjon, våre verdiar og våre mål. Den skal peike på ei tydeleg retning i arbeidet vårt for å gjere Seim skule til ein framtidsretta, trygg og god skule der elevane si læring og utvikling er i sentrum.

## GRUNNLAG

### NASJONALE FØRINGAR – FORNYING AV LÆREPLANVERKET K-06

Stortinget har vedteke at heile læreplanverket for grunnopplæringa skal fornyast. Dette omfattar generell del som no er erstatta av ny *Overordnet del. Verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Fornyinga omfattar også prinsipp for opplæringa, læringsplakaten og alle læreplanar for fag i grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande opplæring.

Stortinget la til grunn at fornyinga skal gje gode skulefag med relevant innhald for morgondagens arbeids- og samfunnsliv. Progresjonen i opplæringa og samanhengen mellom fag og mellom fag og ny overordna del skal bli betre. Læreplanane skal leggje til rette for djupnelæring og tverrfaglege tema og gje tydelegare retning for skulen og lærarane sine val av innhald i opplæringa og for vurdering av elevane sin kompetanse.

Det er utarbeidd ein strategi for fagfornyinga fordelt på tre fasar fram mot år 2020. I den første fasen (2017-2018) vart kjerneelement i faga utvikla. Dette arbeidet la grunnlaget for den andre fasen (2018-2019), som var utvikling av læreplanar for fag. Fase tre (2019-2020) er planleggings- og iverksetjingsfasen.

Hausten 2019 skal læreplanverket vere ferdig utvikla. Då har skular, skuleeigarar og lærarutdanningane eit år på seg til å gjere seg kjende med og bu seg til å ta læreplanverket i bruk. Skulane skal ta i bruk dei nye læreplanane skuleåret 2020/2021.

## FORMÅLET MED OPPLÆRINGA

Opplæringslova handlar om rettar og plikter knytte til opplæring og skulegang i Noreg og byggjer på formålsparagrafen.

[Formålsparagrafen i opplæringslova](#) (§1-1) seier mellom anna at opplæringa skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å meistre liva sine og kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

## NY OVERORDNA DEL AV LÆREPLANVERKET

[Ny overordna del av læreplanverket](#) - «Verdier og prinsipper for opplæringa» er grunnlaget for skolen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova. Den overordna delen beskriv og utdjupar dei verdiane vi skal ha i skulen i framtida og ligg til grunn for det elevane skal lære, og for deira utvikling og danning.

## VERDIAR OG PRINSIPP FOR GRUNNOPPLÆRINGA

Kap.1 Verdigrunnlaget for opplæringa

Kap. 2 Prinsipper for læring, utvikling og danning

- a. Sosial læring og utvikling
- b. Kompetanse i faga – ny definisjon av kompetansebegrepet:  
«Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenkning.»
- c. Styrking av dei grunnleggjande ferdigheitene
- d. Å lære å lære
- e. Tverfaglege tema
  - Folkehelse og livsmestring
  - Demokrati og medborgarskap
  - Bærekraftig utvikling

Kap. 3 Prinsipper for skulen sin praksis



## LOKALE FØRINGAR - KVALITETSPLAN FOR OPPVEKST I LINDÅS KOMMUNE

Opplæringa på Seim skule skal vere i samsvar med Lindås kommune sin [Kvalitetsplan for oppvekst 2016 – 2028](#)

Kvalitetsplan for oppvekst skildrar fire innsatsområde:

1. Trygg oppvekst – ein grunnleggjande rett for barn og unge
2. Trivsel, deltaking og medverknad – å høyra til
3. Meistring og læring for alle – å sjå den einskilde
4. Gode tilbod og tenester til alle – ein kunnskapsbasert praksis

## MÅL FOR OPPLÆRINGA PÅ SEIM SKULE

På Seim skule legg vi vinn på læring, utvikling og meistring for alle elevar. Vi trur på at alle elevar kan lære og at dei aller fleste er i stand til å lære grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning. Vi strekk oss langt for å finne gode metodar, dele erfaringar og ut frå dette utvikle arbeidet med opplæringa. Vi lærer av kvarandre. Vi veit at trivsel og tryggleik er grunnlaget for all læring og legg derfor til rette for god sosial opplæring og oppfølging. Vi legg vinn på å byggje gode relasjonar, samarbeide og kommunisere godt. Kvar elev har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Vi er opptekne av kva kompetanse våre elevar i dag treng for å meistre liva sine som vaksne – livslang læring og livsmeistring.

## LÆRINGSMILJØ

Kap.9a i opplæringslova:

**«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø, som fremjar helse, trivsel og læring»**

**Seim skule sitt system for oppfølging av krava i kap.9a i opplæringslova - vedlegg**

**Orden- og åtferdsreglementet på Seim skule – vedlegg**

**Aktivitetsplikt:**

- Førebyggjande miljøarbeid på skulen og i klassen
- Friminutt - gode vaktordningar – bruk av gul vest, følgje med og følgje opp
- Kartlegging av område på skulen der krenking lettast kan skje
- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Eleven har alltid rett til å bli høyrd

Det psykososiale miljøet på Seim skule skal følgjast opp kontinuerleg og systematisk på trinn, i team, i plangruppa og i ressursteamet.

Vi er opptekne av god felles kompetanseutvikling tufta på eigne erfaringar og ny forskning.

## SAMARBEID HEIM – SKULE

Foreldresamarbeid handlar om korleis foreldre/føresette blir involvert i skulen sitt arbeid. Omgrepet viser til ein likeverdig, gjensidig relasjon, der ein har fokus på kva ein kan gjere kvar for seg og saman for å ta eit felles ansvar for barnet si læring og utvikling.

Det er viktig at:

- Foreldre/føresette er involvert i arbeidet med å skape gode læringsmiljø i skulen
- Foreldre/føresette opplever å bli tatt på alvor i dialog med skulen
- Samarbeidet mellom heim og skule er prega av gjensidig tillit og respekt
- Barna/elevane opplever at heim og skule samarbeider og jobbar mot eit felles mål

Vi ynskjer at foreldre/føresette støtter opp under eigne barn si utvikling og læring på skulen. Dette kan foreldre gjere ved å følgje opp borna sitt skulearbeid i kvardagen og samarbeide tett med borna sine lærarar. Samarbeidet er eit gjensidig ansvar, men det er skulen som skal ta initiativ til og leggje til rette for samarbeidet. Skulen har ansvar for å utvikling av gode samarbeidsrutinar.

På Seim skule har vi to **klasseforeldremøte** åreleg – eit om hausten (september) og eit i februar. I kasseforeldremøta skal foreldra få informasjon om mål for opplæringa, korleis den faglege og sosiale opplæringa gjennomførast og kva foreldra kan gjere for å støtte opp om opplæringa. Foreldra skal og få informasjon om kva rettar og pliktar born og foreldre har etter opplæringslova.

Utover dei to klasseforeldremøta skal skulen ha god kontakt med foreldra til det enkelte born. Kvart år skal foreldra ha to planlagte samtaler med kontaktlæraren om elevane si faglege og sosiale utvikling – **utviklingssamtalen**. Elevane er med i denne samtalen og den skal sjåast i samanheng med elevsamtalane som lærar og elev har i løpet av året.

### Foreldreråd og FAU

Alle foreldre som har born på skulen er automatisk medlemmar av foreldrerådet. Foreldrerådet vel eit foreldrearbeidsutval (FAU) som fungerer som et "styre" for foreldrerådet.

### Samarbeidsutval (SU)

Ved kvar grunnskule skal det vere eit samarbeidsutval (SU) . Dette er skulen sitt øvste samarbeidsorgan. Utvalet skal bestå av to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skulen. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

### Skolemiljøutvalg (SMU)

Ved kvar grunnskule skal det vere eit skolemiljøutval. I SMU skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vere representert, men elevane og foreldra skal vere i fleirtall SU kan sjølv vere SMU, og må da settast saman sånn at foreldre og elevar til saman har fleirtal. SU/SMU er skulen sitt øvste rådsorgan.

## STRUKTUR, KULTUR OG LEIING FOR LÆRING

### SEIM SKULE - STRUKTUR FOR LÆRING

- Organisering av skuledagen
  - a. Skuledagen vert disponert for god veksling mellom arbeidsøker og friminutt
- Læringsareal – vi legg til rette for gode rammer i bruk av
  - a. Klasserom
  - b. Skulebiblioteket
  - c. Fellesrom
- Vi utviklar og nyttar gode planar for arbeidet vårt på alle nivå
  - a. Verksemdplan, mobbeplan, pedagogisk utviklingsplan, Orden- og åtferdsreglement, plan for arbeid med kap.9a på skule- og klassenivå
  - b. Årsplan, fagplanar, læringsplan, timeplan, dagsplan, individuelle opplæringsplanar
- Vi har gode møtepunkt med rom for samarbeid og dialog (jf. Knut Roald – 12 punkt for gode utviklingsmøte)
  - a. Leiarmøte og kontormøte
  - b. Morgonmøte
  - c. Måndagsmøte; felles-, team- og trinnmøte
  - d. Assistentmøte; SFO og skule
  - e. Formelle samarbeidsorgan
    - i. ATV-møte, VO-møte, AMU, elevråd, FAU, SU/SKMU

### KULTUR FOR LÆRING PÅ SEIM SKULE

Kultur for læring på Seim byggjer på

1. Tydelege verdiar: Respekt, tryggleik, ansvar, fellesskap, glede, leik og samarbeid
2. Tydeleg elevsyn: Positive forventningar - alle elevar har potensiale for læring og utvikling
3. Tydeleg læringsyn: Vi lærer av kvarandre og i fellesskap.

## Framtidas kompetanser



Praksis på skulen skal vere prega av

- «Vi-skule» – felles standard for særskilde område
- Medverknad - aktive elevar
- Undring og refleksjon
- Det er lov å gjere feil
- Læringsglede
- Elevane skal lære å lære

Organisasjonslæring – vi vaksne skal også lærer av kvarandre:

- To periodar (haust og vår) pr. skuleår gjennomfører vi aksjonslæring med systematisk kollegarettleing.

## LEIING FOR LÆRING PÅ SEIM SKULE

### Læringsleiing

- Vi veit kva og kor vi vil – vi har tydelege faglege og sosiale mål
- Vi byggjer gode relasjonar til elevane
- Vi sett standard for korleis læringsleiing praktiserast

Ein god læringsleiar er:



- Vi sett standard for korleis god klasseleiing og «den gode timen» praktiserast

Sånn skal det vere å vere elev på Seim skule:



## SEIM SKULE – UTVIKLINGSARBEID OG UTVIKLINGSOMRÅDE

### LÆRINGSMILJØ

Utvikle og ta i bruk eit godt system for arbeid med og oppfølging av kapittel 9a i opplæringslova.

### GROWTH MINDSET

*Growth mindset* er ein måte å tenkje på som fremmer endring, i motsetnad til *fixed* eller fastlåst tenkjemåte, som hindrar endring. Omgrepa stammer fra den amerikanske psykologen Carol Dweck. *Mindset*, eller tenkjemåte, uttrykker noko ein person legg til grunn for tenking om noko. Til dømes kan vi tenkje om ein elev som ikkje bestod matematikkeksamen at han «ikkje har talent for matematikk». Ei slik forklaring viser til noko stabilt, slik at endring til neste matematikkeksamen er lite sannsynleg. Denne måten å tenkje på gir uttrykk for det Dweck kaller *fixed mindset*. Om vi derimot tenkjer om eleven som ikkje bestod matematikkeksamen at han «ikkje enno har skjønt prosentrekning», vil vi signalisere at anstrengelse er den forklarande faktor. Sidan anstrengelse er noko einkvar kan utøve i større eller mindre grad, vil slik tenking uttrykke *growth*



*mindset*. Forklaringa signaliserer ei forventning om ei positiv utvikling. «Not yet» ("ikkje enno") er blitt eit slagord i Dweck-tradisjonen.

Ein konsekvens av *growth mindset* er at ein person gjerne liker utfordringar, og at innsats er nøkkelen til framgang. Å mislykkast med noko ser personen som eit signal for auke innsatsen sin. Motsett vil *fixed mindset* gjere at ein gjerne unngår utfordringar og lettare gir opp. Å mislykkast med noko er her ei stadfesting av at ein ikkje er god nok (Frode Svartdal UiT)



Growth mindset fremjer eit positivt meistringsklima:

- Elevane skal bli best mogleg ut frå egne føresetnader
- Det er fokus på læring og utvikling
- Kompetanse vert delt
- Vi gjer kvarandre gode

## «Å LÆRE Å LÆRE»

Overordna del av læreplanverket:

*«Skolen skal bidra til at elevene reflekterer over sin egen læring, forstår sine egne læringsprosesser og tilegner seg kunnskap på selvstendig vis. Når elevene forstår sine egne læringsprosesser og sin faglige utvikling, bidrar det til selvstendighet og mestringsfølelse.*

*..... Ved å reflektere over egen og andres læring kan elever litt etter litt utvikle bevissthet om egne læringsprosesser. Elever som lærer å formulere spørsmål, søke svar og uttrykke sin forståelse på ulike måter, vil gradvis kunne ta en aktiv rolle i egen læring og utvikling.»*


## LÆRINGSGROPA

I arbeidet med å utvikle elevane sin motivasjon og forståing av eigen og andre si læring, har vi innført «Læringsgropa». Læringsgropa eller «The Learning Pit» er utvikla av John Edwards og Jim Butler og

seinare brukt og vidareutvikla av James Nottingham i samband med «Challenging Learning» - «utfordrande læring».

Læringsgropa skal hjelpe elevane til å forstå den frustrasjonen dei opplever når dei står ovafor noko nytt og utfordrande. Kva skjer med oss når vi vert forvirra, usikre og frustrerte? Korleis opplever vi det? Kva følelser får vi? Kva kan vi gjere for å kome oss vidare og til slutt lukkast i læringsarbeidet vårt? Å lære og meistre noko nytt, gir oss energi og glede – eit «eureka» (ei ny oppdaging). Elevane lærer at det er nødvendig å bli frustrert når ein skal lære noko nytt. Medvitet om frustrasjonen hjelper elevane til å bli meir uthaldande og motiverte. Om vi ikkje kjem ned i læringsgropa, lærer vi ikkje noko nytt. Om vi går ned i læringsgropa, har vi lært noko nytt – og vi kjem opp av gropa på eit høgare nivå.

Seim skule si læringsgrop har tatt utgangspunkt i lokal historie frå Seim. Fortellinga om Håkon den gode, kongssonen som vart sendt til England som 10-åring og kom attende til Noreg som konge 15 år gamal. Han bygde kongsgard på Seim og her vart han også gravlagd.



## LÆRINGSGROPA I PRAKSIS

Elevane treng å lære strategiar for å kome seg opp av læringsgropa. Kva kan eg gjere? Kva hjelper meg? I dette arbeidet tek vi i bruk dyr som symboliserer ulike nyttige strategiar vi treng i læringsarbeidet:

	Samarbeid	Samuel Sild
	Motivasjon	Morten Mår
	Pågangsmot	Pål Piggsvin
	Konsentrasjon	Kåre Katt
	Uthaldande	Ulven Ulrik
	Undersøkande	Unni Ugle
	Kreativ	Kristin Kråke
	Målretta	Målfrid Maur

Elevane skal byggje sjøltillit. Vi tek i bruk illustrasjonar som skal hjelpe elevane – til dømes:

	<p>EG ER IKKJE REDD FOR <b>UTFORDRINGAR</b></p>
	<p>EG KAN <b>TRENE HJERNEN</b> MIN TIL Å GJERE DET!</p>
	<p>EG KAN IKKJE <b>ENNO</b> MEN MED <b>INNSATS</b> KLARER EG DET!</p>
	<p>Å GJERE <b>FEIL</b> HJELPER MEG Å <b>VEKSE</b></p>

Vi må til ei kvar tid vite kor vi vil - målet (1), kor vi står (2) og kva som må til for å kome nærare målet (3). Undervegs gir vi elevane «feed-back» - gode undervegsvurderingar:



Vi minner oss sjølve og elevane på:




## UTVIKLING AV LESEDUGLEIK

Å bli ein god lesar, ein som kan lese ulike tekstar og nytte lesedugleiken i ulike samanheng er avgjerande for alle elevar. Vi ser på lesing som den viktigaste grunnleggjande ferdigheiten for framtidens barn og vaksne. Vi har på Seim gjennom fleire år arbeidd med Leselos, eit verktøy utvikla av Lesesenteret (UIS). Leselosdriftet (under) gir eit godt bilete av 5 område som er viktig å leggja vekt på i leseopplæringa:

- Målretting: Elevane må vite kva målsettinga med ein tekst er – kva skal teksten «syne»
- Leseforståelse: Elevane må forstå kva dei les og kvifor
- Ordforråd: Ein må lære elevane strategier for arbeid med nye omgrep
- Koding: Elevane må ha gode ferdigheiter i koding på bokstavnivå, og ordnivå
- Førforståelse: Lærar må hente fram elevane sin bakgrunnskunnskap og erfaring i forkant av arbeid med nytt tekstinnhald



For å kome vidare i dette arbeidet tek vi våren 2019 i bruk [Språkløyper](#) utvikla av same senter. Vårt neste mål er å utarbeide ein **LESEPLAN for 1.-7.trinn**.



Skulen sitt bibliotek er også under utvikling: 3 avdelingar med ei innreiing og ein bokstamme som skal inspirere elevane til leselyst og leseglede. SFO har fått sin nye «LESEKROK»:



## VURDERING FOR LÆRING

I samband med gjennomføring av ei nettbasert etterutdanning gjennom 2,5 år har skulen utarbeidd ein eign standard for vurdering for læring på Seim skule (vedlegg til Kvalitetsplanen).

Vi vektlegg fire sentrale prinsipp i vurdering for læring:

1. Elevane forstår kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
2. Elevane får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen deira.
3. Elevane får råd om korleis dei kan forbetre seg.

4. Elevane er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eigen fagleg utvikling.

## ORDINÆR UNDERVISNING OG SPESIALUNDERVISNING

Seim skule har eit **ressursteam**. Teamet vert leia av rektor. Ressursteamet er skulen sitt koordineringsteam for elevar med ulike behov. Eleven sitt behov vil variere, men når ein tilsett på skulen vert merksam på at ein elev kan ha utfordringar, skal dette drøftast i skulen sitt ressursteam for å avklare vidare oppfølging. Dette skal vere med på å profesjonalisere arbeidet vårt.

Skulen sine tilsette skal be om bistand fra ressursteamet via internt meldeskjema.

Ressursteam arbeider etter fastlagde årshjul og hjelper med mellom anna: rettleiing av lærarar, drøfting av elevar med bekymringsfull utvikling, observasjon og kartlegging av elevar, utprøving av tilretteleggingstiltak/systemtiltak, koordinering av aktuelle tiltak og samhandling med skulen sine samarbeidspartnarar.

Ressursteam er eit satsningsområde i samband med arbeidet med tilpassing av den ordinære opplæringa og gjennom det redusere behovet for spesialundervisning.

Internt ressursteam består av rektor, ein ressurteamkontakt på småtrinnet og ein på mellomtrinnet og ved behov andre ressurspersonar på skulen. Internt ressursteam skal ha jamlege møte. Tilsette på skulen skal nytte internt meldeskjema når dei treng bistand frå teamet.

Utvida ressursteam består av internt ressursteam, skulehelsepleiar og skulen sin kontaktperson i pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).

Skule og PPT har utvida ressursteam ca. ein gong i månaden. Her vert tilhøve som handlar om eleven sitt læringsmiljø og/eller læringsutbytte drøfta – jf. Opplæringslova.

## SKULEBASERT VURDERING

### **Lovgrunnlag - Forskrift til opplæringslova:**

#### § 2-1. Skulebasert vurdering

*Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.*



Kva skal evaluerast:

- Læringsresultat
  - a. Nasjonale prøver saman med annan informasjon om læringsresultat
  - b. Nasjonale kartleggingsprøver 1.-4.kl saman med anna informasjon om status
  - c. Elevsamtalar og utviklingssamtalar (med foreldra)
  - d. Jamleg vurdering og oppfølging (undervegsvurdering)
- Læringsmiljø
  - e. Trivselsundersøkelsen 1.-4.trinn saman medannan informasjon om læringsmiljøet
  - f. Elevundersøkelsen 5.-7.trinn saman medannan informasjon om læringsmiljøet
- Arbeidsmiljø
  - o «10-faktor» annakvart år

## VEDLEGG TIL KVALITETSPLANEN

1. Aktivitetsplan for gjeldande skuleår – årleg rullering
2. Vurdering for læring – felles standard (under arbeid)
3. Leseplan (under arbeid)
4. System for utvikling av eit trygt og godt læringsmiljø (under arbeid)